



Marius(f.v.), Sondre og Torstein gjer det skarpt i Norway Cup.

Roseldal/Uskedal 2 har krusa gjennom innleiingsspelet med 3 sigrar og 27 - 3 i målprotokollen, og var klare for A-sluttspel allereie etter to kampar. Ein viktig grunn til alle storsigrane til det gode laget er den målkåte spissen Sondre Myklebust. Han scorar oftare enn på bestilling, og har 14 nettkjenningar på dei 3 kampane til no.

I går var det så tett mellom måla at den engelske dommaren kom ut av teljinga, og han gløymde to mål i kamprapporten. Laget vann 11 - 1, medan resultatet som vart registrert vart 9 - 1. I føremiddag vann laget 8 - 0 mot Roterud 2.

Det er to andre uskedelinger som også spelar på laget. Det er Marius og Torstein Myklebust. Dei har posisjonar lengre bak på banen. Rapportane fortel at dei også har spela svært godt. Begge har teikna seg på scoringslista.

Det vert spennande å følgja dette laget når sluttspellet startar. Innleiingskampane har i alle fall vore meir enn overbevisande!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Arkivfoto: Ola Matti Mathisen